



Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 Masfjordnes

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Tilbakebetaling av ubrukne midlar frå tilskotet til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret

Vi viser til rekneskapsrapporten dykkar for 2022 for prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden». Vidare viser vi til vårt tildelingsbrev datert 9. februar 2022, sjå vedlagde kopi.

Tilskotet til utvikling av sosiale tenester i Nav-kontoret er samansett av ein del til løn og lønsrelaterte utgifter, og ein del til kompetansetiltak. Når det gjeld tilskotet for 2022 til løn og lønsrelaterte utgifter i prosjektet «Marknadskontakt Nav Fensfjorden» viser rekneskapsrapporten at prosjektet ikkje brukte alle tilskotsmidlane før prosjektet vart avslutta. I samsvar med reglane for tilskotsordninga skal ubrukne tilskotsmidlar betalast attende til statskassa.

I 2021 innvilga vi 610 000 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter for perioden 1. mai 2021 – 30. april 2022. Midlane var fordelt med 406 667 kroner for perioden 1. mai – 31. desember 2021 og 203 333 kroner for perioden 1. januar – 30. april 2022. I 2022 innvilga vi eit siste tilskot på 305 000 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter i ein halvtårsperiode frå 1. mai til 30. oktober 2022. I 2022 disponerte prosjektet såleis i alt 508 333 kroner til løn og sosiale utgifter.

Ifølgje rekneskapsrapporten brukte prosjektet 490 120 kroner til løn og lønsrelaterte utgifter i 2022. Dette er 18 213 kroner mindre enn dei 508 333 kronene som prosjektet disponerte til dette føremålet. Masfjorden kommune skal såleis betale 18 213 kroner attende til statskassa.

I samsvar med reglane for tilskotsordninga ber vi med dette at de utan ugrunna opphald betalar 18 213 kroner til Arbeids- og velferdsdirektoratets kontonummer 6345.05.30923. Vi ber dykk merke innbetalinga med: «Kap. 621.63 – tilskot til utvikling av sosiale tenester i Nav». Bankkontonummer 6345.05.30923 er tilknytta Arbeids- og velferdsdirektoratet sitt organisasjonsnummer 889 640 782. Vi har ikkje ytterlegare merknader til rekneskapsrapporten for 2022.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til Arbeids- og velferdsdirektoratet v/ Kjersti With Eidsmo Urbye